

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 14/25412

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

12.11.2014

LÆRINGSVERKSTEDET MAURTUA AS - TILSYNSRAPPORT 2014

Maurtua barnehage BA vart oppkjøpt av Læringsverkstedet 1.1.14, og har endra namn til Læringsverkstedet Maurtua AS.

Den 12.11.14 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Læringsverkstedet Maurtua AS. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert. Styrar Lill-Merethe Kittang møtte for verksemda.

➤ **Tilsyn**

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Barnehagen har i dag 47 barn, med ei fordeling på 14 barn under 3 år og 33 barn over 3 år. Med denne alderssamansetninga på barnegruppa, så treng barnehagen eit leike- og opphaldsareal på 206 m². Barnehagen har eit leike- og opphaldsareal på 263 m²(inkl. fingarderobar og kjøkken).

- **Avvik som vart påpeika**

Under tilsynet vart det oppdaga nokre manglar i verksemda.

§ 4; **Ansvar. Internkontroll**

1. Barnehagen har eit internkontrollsystem. Dette skal utviklast/oppdaterast vidare (nye eigarar). Styrar og verneombod skal på kurs i november angående IK. Jamleg revisjon (systemrevisjon) av internkontrollen vart ikkje utført. Rutinar for revisjon av internkontrollen må på plass.

§§ 6,7 og 13; **Krav om godkjenning, Generelle krav og Reingjering og vedlikehald**

2. Barnehagen manglar vedlikehaldsplan. Barnehagen skal ha rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald.

§ 9; **Utforming og innreiing**

3. Fryseboks i rom som er tilgjengeleg for barna må haldast låst, slik at barna ikkje kan krype oppi.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

§ 11; Måltid

4. Det manglar rutinar for kontroll av temperatur på frys (-18°C eller lågare) i verksemda. Kjøleskåpstemperatur vert berre sjekka ved innstillinga på kjøleskåpet. Temperaturen må målast jamleg og noterast, samt at avvik registrerast. Kjøleskåp skal temperatur mellom -1 – 4 °C.

§ 12; Psykososiale forhold

5. Barnehagen jobbar aktivt med barna og har gode rutinar, men manglar skriftleg prosedyre for handtering av eventuelle hendingar.

§ 13; Reingjering og vedlikehald

6. Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på at hovudreingjering er utført.

§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap

7. Vasskranar som barna nyttar manglar skåldesperre. (Varmt vatn for små barn bør være ca. 38°C).

§ 19; Inneklima/luftkvalitet

8. Barnehagen manglar rutinar for handtering av klagar på inneklima.

➤ Observasjon

§§ 9 og 19; Utforming og innreiing og Inneklima/luftkvalitet

Det er langt Renholdssoner® i grov- og fingarderobe.

Disse mattene er berre meint for inngangsparti (grovgarderobe) for å stoppe smuss og fukt, og ikkje i leike- og opphaldsareal (fingarderobe). NAAF sin godkjenning av produktet gjeld ikkje for leike- og opphaldsareal. Ved utskifting/fornyng av avtale, bør barnehagen ikkje leggje slike matter i fingarderobe (dersom dei nyttast som leike- og opphaldsareal, og er med i arealberekninga).

Det må vera tydelig skilje mellom grov- og fingarderobe, slik at det ikkje vert nytta sko/støvlar i fingarderobar. Ekstra reinhald av Renholdssoner® bør utførast i fingarderobe inntil ev. fjerning.

➤ Vedtak

- Avvik nr. 1 må rettast innan 15.1.15.
- Avvik nr. 2 må rettast innan 1.2.15.
- Avvik nr. 3 – 5, 7 og 8 må rettast innan 15.12.14.
- Avvik nr. 6 må rettast ved neste hovudreingjering.

I samband med pålegget viser ein til Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når manglane er retta opp.

Med helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Kopi til:

Meland kommune

- Rådmann

- Utval for levekår

KOPPI

Mottakere:

Læringsverkstedet Maurtua AS

Juviknipa 1

5918

FREKHAUG